HARAM KOMMUNE

Anbefalte tiltak ved smittsame sjukdommar i barnehagar og skular

	Tilstand	Symptom	Smitte	Føresette sitt ansvar	Barnehagen/skulen sitt ansvar
Mage-Tarm	**Diaré med eller utan oppkast** **Oppkast utan diaré (omgangssjuke)**	Akutt oppkast og/eller diaré, med eller utan feber og magesmerter.	**Svært smittsamt!** **Dråpe- og kontaktsmitte:** Sjuk 12-48 timar etter kontakt. **Smitteførande** i 48 timar etter siste oppkast/diaré.	Hald barnet heime i 48 timar etter symptomfriheit. Barnet må vere friskt i 2 døgn før det kan komme i barnehagen/på skulen. Ved diaré etter utlandsopphald – kontakt lege.	Skjerpa handhygiene. Bruk såpe og vatn! Handdesinfeksjonsmiddel har lav effekt. Skjerpa reingjering av leiker, stellebord, toalett, vask, handtak og andre berøringspunkt med klorinblanding (1,25 dl klorin i 5 liter vatn). Informasjon til foreldregruppa. Kontakt kommuneoverlegen ved vedvarande utbrot.
	Barnemark	Analkløe, særleg på kvelden/om natta.	**Kontaktsmitte** via anus-finger-munn kontakt og via sengetøy i same husstand.	Reseptfri behandling på apotek. Kan kome tilbake til barnehagen/skulen dagen etter starta behandling. Heile familien må behandlast samtidig.	Hanskar ved bleieskift. Skjerpa handhygiene. Ved fleire tilfelle bør nedvasking av stelleområde/toalett vurderast. Informasjon til foreldregruppa.
Hud	**Brennkoppar**	Utslett med små blemmer med gul væske/sårsekret. Blir skorper.	**Kontaktsmitte** (via sårvæske). Sjuk 4-10 dagar etter kontakt. **Smitteførande** i 1-3 dagar etter at behandling er starta.	Hald barnet heime til blemmene er tørre, eller tildekt slik at det gule sårsekretet ikkje smittar over på andre.	Varsle til kommuneoverlege ved fleire enn 2 tilfelle (utbrot). Hanskar ved bleieskift. God handhygiene. Hyppig (minst dagleg) vask av felles kontaktpunkt. Informasjon til foreldregruppa.
	Hand-fot-munnsjuke	Feber, redusert allmenntilstand, sår hals. Utslett/blemmer i munn, inni handflater og på fotsålar.	**Dråpe- og kontaktsmitte.** Sjuk ca. 1 veke etter kontakt **Smitteførande** like før symptom og inntil 6 veker etter blemmer.	Kan vere i barnehagen så lenge allmenntilstanden tillèt det.	God handhygiene og god reingjering. Vanleg med utbrot sommar/haust. Søk råd hos kommuneoverlegen ved behov.
	Vannkoppar	Små karakteristiske blemmer i huda, også i slimhinner. Kløe. Feber.	**Luft- og kontaktsmitte.** Sjuk 8-21 dagar etter kontakt. **Smitteførande** 1-2 dagar før utslett til inntørka blemmer.	Kan gå på barnehagen/skulen når utslettet er tørka inn.	Gi informasjon om smitte til foreldregruppa. **Gravide** som ikkje er immune bør unngå miljø der det er konstatert utbrot.
	Den 4. barnesjukdom (tredagarsfeber)	Ofte høg feber i 3 dagar, utslett når feberfri.	**Nærdråpesmitte.** Sjuk 5-10 dagar etter kontakt. **Smitteførande** så lenge utslettet vedvarer (ca. 1 veke).	Kan vere i barnehagen så lenge allmenntilstanden tillèt det.	
	Den 5. barnesjukdom	Ofte asymptomatisk. Raudt, samanflytande utslett i ansiktet som spreier seg til resten av kroppen i løpet av eit par dagar. Lett feber og luftveissymptom i forkant av utslettet. Utslettet forsvinn oftast etter 7-10 dagar.	**Nærdråpesmitte.** Sjuk 4-21 dagar etter kontakt. Mest **smitteførande** ca. 1 veke før utslettet oppstår, mindre smittsamt etter utbrot av utslett.	Kan vere i barnehagen så lenge allmenntilstanden tillèt det.	**Gravide** som ikkje er immune bør dei første vekene av graviditeten unngå miljø der det er konstatert utbrot. Ta kontakt med lege for meir informasjon. Informasjon til foreldregruppa.
	Skabb	Kløe, særleg om natta og ved sveitting. Små nuppar eller blemmer i huda på hender, fingrar, handledd, albuar, midje, lår og ytre genitalia. Hos småbarn i hovudbotn, på hals og fotsålar.	**Direkte hudkontakt av litt lengre varigheit (minst 15 minutt).** Sjuk 3-6 veker etter kontakt. Sjuk etter 1-3 dagar ved resmitte. **Kan smitte indirekte via sengeklede, handklede og tøy.**	Haldast heime frå barnehagen/skulen dei første 24 timane etter at behandlinga er starta. Sanerande tiltak. Informere personar som har hatt tett kontakt den siste månaden, eller som ein har delt seng, tøy eller handduk med. Nærkontaktar (definerast etter råd frå lege) skal behandlast samtidig.	**Foreldre, søsken, leikekameratar og tilsette i barnehagen som har hatt tett kontakt bør behandlast som nærkontaktar.** Sanerande tiltak: Vask alt av klede, handklede, tøy som er brukt den siste veka på 60 grader eller legg desse bort i 1 veke. Husk også kosebamsar, parkdressar, hanskar, huer og sko. Tekstilar kan også frysast i minus 18 grader. Sofa, sengar, vogner o.l. bør støvsugast. Ved fleire tilfelle bør helie gruppa/avdelinga til dei som har symptom behandlast.
Auge	**Bakteriell augebetennelse (bakteriell konjunktivitt)**	Kløe, puss og raudheit i augene.	**Svært smittsamt!** **Kontaktsmitte.** Sjuk 1-2 dagar etter kontakt. **Smitteførande** så lenge det er puss.	Kan gå i barnehagen med mild til moderat augebetennelse. Ved kraftig augebetennelse med mykje pussdanning bør lege oppsøkast og barnet haldast heime til pussdanninga avtar. Dersom behandlinga blir starta kan barnet komme tilbake til barnehagen dagen etter oppstart av behandling.	Skjerpa handhygiene. Hindre spreiing av puss. Hyppig (minst dagleg) vask av felles kontaktpunkt.
Hovud	**Hovudlus**	Kløe i hovutbotnen (tar tid før kløen oppstår etter smitte). Luseegg og lus i hovudbotn, ev. kløe.	**Direkte kontaktsmitte:** Hovud mot hovud. Lite sann-synleg smitte via klesplagg, møblar eller kosedyr. **Smitteførande** inntil behandling er gjennomført.	Bør starte behandling same dag. Barnet kan gå i barnehagen/på skulen som normalt. Frysing/vask av kammar og børster.	Ikkje nødvendig å sende barnet heim i løpet av dagen dersom det blir oppdagea lus i barnehage- eller skuletida. Informasjon til foreldregruppa for å intensivere lusesjekk og hindre gjensmitte.
Luftvegsinfeksjonar	**Forkjøling**	Hoste, danning av snørr, tettheit i nasen, med eller utan feber.	**Dråpe- og kontaktsmitte:** Sjuk 1-10 dagar etter kontakt. Sjukdom varer i 3-7 dagar. Hoste kan vedvare i 3-8 veker.	Hald barn med **nye symptom** på luftvegsinfeksjon heime. Unngå kontakt med nyfødde/spedbarn. Kan gå i barnehagen/på skulen så lenge allmenntilstanden tilseier det. Ved langvarig hoste bør barnet til lege: obs astma og kikhoste.	Fokus på hoste- og handhygiene.
	Kikhoste	Kikande hoste, ofte i hosteanfall.	**Dråpe - og kontaktsmitte**. Sjuk 7-21 dagar etter kontakt. **Smitteførande** frå debut og inntil 21 dagar.	Hald barn med **nye symptom** på luftvegsinfeksjon heime. Unngå kontakt med nyfødde/spedbarn. Kan kome tilbake til barnehagen/skulen 3-5 dagar etter påbegynt behandling. Diagnose skal settast av lege. Hostehygiene.	Fokus på hoste- og handhygiene.
	Skarlagensfeber	Feber, halssmerter, belagte tonsiller, raud munnslimhinne, hovudpine, kvalme, oppkast. Finprikka, raudt hudutslett på bryst- og mageområdet 12-48 timar etter symptomstart. Bleik rundt munnen. Bringebærtunge.	**Dråpe - og kontaktsmitte**. Sjuk 1-3 dagar etter kontakt. Smittar primært ved tett kontakt.	Hald barn med **nye symptom** på luftvegsinfeksjon heime. Unngå kontakt med nyfødde/spedbarn. Kan kome tilbake til barnehagen/skouen når barnet er feberfritt og har fått behandling i minst eitt døgn.	Fokus på hoste- og handhygiene.
	Meningokokksjukdom (hjernehinnebetennelse)	Feber med frysningar, hovudpine, kvalme og oppkast. Rask forverring av tilstand. Prikkforma blødningar (petekkier) i huda er eit alvorleg teikn.	**Dråpesmitte.** Sjuk 2-10 dagar etter kontakt. **Smitteførande** i 1-2 døgn etter behandlingsstart.	Snarast til lege eller sykehus. Viktig å informere barnehagen/skulen for førebyggande behandling av andre. Kan gå på barnehagen/skalen når sjukdommen er over.	Kontakt kommuneoverlege for vurdering av førebyggande behandling og informasjonsskriv. Redusere risiko for smitte i barnegruppa. Informasjon til foreldregruppa.
	Influensa	Høg feber, hovudpine, tørrhoste, snue, muskelverk, mageplager (hos barn) og slappheit.	**Dråpe-, luft- og kontaktsmitte.** **Smitteførande** 1-4 dagar før dei første symptoma og i minst 3-5 dagar etterpå.	Hald barn med **nye symptom** på luftvegsinfeksjon heime. Unngå kontakt med nyfødtd/spedbarn. Kan gå i barnehagen/på skulen når allmenntilstanden tilseier det. Ved influensapandemi kan det vere aktuelt å halde barnet lenger heime.	Fokus på hoste- og handhygiene. Informasjon til foreldregruppa.
	Koronavirus	Hoste, sår hals, nasetettheit, rennande nase, magesmerter, hovudpine, slappheit og diaré.	**Dråpe-, luft- og kontaktsmitte.** **Smitteførande** 1-2 dagar før dei første symptoma og i dei første dagane etter symptomstart.	Hald barn med **nye symptom** på luftvegsinfeksjon heime. Unngå kontakt med nyfødde/spedbarn. Kan gå i barnehagen/på skulen når allmenntilstanden tillèt det, også med restsymptom. Ved langvarig hoste bør barnet til lege: obs astma og kikhoste.	Fokus på hoste- og handhygiene. Informasjon til foreldregruppa.